

Vedless 3 Side 1
Olga Ellingseth
gnr. 53 bnr. 1 6872 Luster
Torgeir Urdahl
gnr. 53 bnr. 2 Stukestølen 6, 6863 Leikanger
Hans H. Urdahl
gnr. 53 bnr. 3,4,5 6872 Luster

Luster, 20.02.01

Harastølen AS
6872 Luster

VASSRETTE TIL GARDANE PÅ SAUDE I RØSETELVA (DØSIGROVI)

Me viser til telefonsamtale mellom Hans H. Urdahl og Richard Hilde på seinsommaren 1999.

Litt historie:

Me torer å påstå at Saude er ein av dei tørraste plassane i Sogn. Det er berre dei mest nedbørsrike åra me kan vera sjølvforsynte med vatn. For å bota på vassmangelen vart det i 1860-åra bygd ei vassveit frå Røsetelva til Saude, ein strekning på 3 km. Denne vassveita blir kalla Sausveita. Då St. Jørgens Hospital starta utbygginga av Harastølen ved århundreskiftet, vart Sausveita liggjande rett gjennom tunet. Det skal då ha vorte inngått ein avtale mellom grunneigarane på Saude og St. Jørgens Hospital om at St. Jørgens Hospital kunne leggja veita i røyr gjennom tunet, og dei skulle også ha vedlikehaldet av røyra.

I etterkrigsåra vart det mindre med folk på gardane, og vedlikehaldet av bl.a. Sausveita vart ikkje så godt som før. Dette førte til at vassstapet i veita vart stort. I 1969 kjøpte brukarane på Saude ein plastslange som dei la i Sausveita. Utearbeidarane på Harastølen gjorde 2 forsøk på å trekka plastslangen gjennom røyrene som ligg i tunet på Harastølen, men det vart konkludert med at røyrene måtte ha gått i stykker. På 1970-talet vart det gjeve løyve til å leggja plastslange frå Krekaflaten for å ta vatn i Røsetelva. Dette har fungert fint heilt fram til at det kom nye eigarar på Harastølen.

Då De hadde tømmerdrift på oppsida av "Søsterheimen", vart 50-60 meter av plastslangen øydelagd. Vi kjøpte ny slange og skøyte den, men på seinsommaren 1999 vart slangen kutta, bøygd tilbake og bunden fast i eit tre. Hans H. Urdahl kontakta då Richard Hilde som skulle vera sjef (lokal kontaktperson?) for Harastølen. Hilde beklaga det som hadde skjedd, og lova at slangen skulle bli kobla saman att innan 3-4 dagar. Hans H. Urdahl orienterte også om historien rundt "Sausveita", og Hilde lova at vi skulle bli innkalla til eit møte vinteren 1999/2000. Til dags dato er slangen ikkje vorten ordna, og vi har heller ikkje vorte kalla inn til noko møte.

Me ber om Dykkar forklaring på dette.


Dei aller fleste somrane frå 15-20 juli og til haustregnet set inn er vatnet frå Røseteelva dei einaste vatnet me har både til folk og dyr. Hausten 2000 starta De bygging av minikraftverk med inntak frå Røsete. Når dette kraftverket kjem i gang, vil Røseteelva bli tørrlagd på ettersommaren og me vil ikkje ha vatn å henta til livsnødvendig bruk. Dette kan me naturleg nok ikkje godta, og vi ber om ei orientering om kva De har tenkt å gjera med vår rett i Røseteelva.

Alle henvendelsar pr. brev eller telefon skal skje til Hans H. Urdahl, tlf. 576 86412.

Vi ber om eit svar innan 15. mars 2001.

Med helsing


Olga Ellingseth


Torgeir Urdahl


Hans H. Urdahl



Figur 1 Dette bildet er teke ved søsterheimen seinsommaren 1999.



Figur 2 Slangen er sprukken som eit resultat av at han vart kappa og tetta ved søsterheimen. Bilde teke seinsommaren 1999, like ovanfor Søsterheimen.

Harastølen AS

Org.nr. NO 880 932 942 MVA

6872 Luster

c/o styrets formann Egil O. Laastad
Skjoldhaugda 197
5222 NesttunTelefon 55 13 37 32
Telefax 55 13 25 80

Hans H. Urdahl, Torgeir Urdahl og Olga Ellingseth
Att: Hans H. Urdahl
6872 Luster

Bergen, 02.03.2001

VEDR. VANNRETT OG VANNKRAFTANLEGG

Jeg viser til Deres brev av 20.02.2001 og telefonsamtale igår den 01.03.2001.

Innledningsvis kan jeg igjen bare beklage på det aller sterkeste at Richard Hilde ikke har orientert noen andre i selskapet om forholdene omkring plastslangen eller samtalen(e) med Dem om møte. Hilde er forøvrig ute av selskapets styre.

Vi er først blitt kjent med saken ved Deres brev, av 20.02.2001, som vi mottok her for få dager siden.

Vi vil umiddelbart gripe fatt i saken og snarest få ryddet opp i skaden som vi synes ansvarlig for.

Ellers når det gjelder vannretten De omtaler i Deres brev har vi sålangt begrenset informasjon og dokumentasjon om grunnlaget for og innholdet i denne retten. Dokumenter De måtte ha i sakens anledning vil vi svært gjerne få kopi av.

Hva angår minikraftanlegget/opprustningen av vannkraftanlegget er produksjonen som kjent ikke startet ennå. Vannuttaket til anlegget vil som meddelt pr. telefon skje via den gamle rørgaten. Uttaket av vann fra inntaksdammen på Røsete vil således ikke bli noe større enn det har vært tidligere. Vi kan derfor ikke se at anlegget vil ha noen negativ innvirkning på vannføringen i Røsetelven.

Vi er svært opptatt av gode forhold til naboene i området, og av hensyn til videre handlingsplan ifht. plastslangen, avklaring av rettigheter og nærmere orientering om vannkraftanlegget kunne vi gjerne tenke oss et fellesmøte snarest mulig på Harastølen, og vi foreslår førstkommande onsdag kl. 12.00.

Jeg hører gjerne fra Dem pr. telefon 907 63 954 for nærmere avtale om møtetidspunkt.

Med vennlig hilsen



Egil O. Laastad
Styreformann

ADVOKATANE
SOLBRAA – HJERMANN – TOLLEFSEN
 KONTORFELLESSKAP
 M.N.A.

Kopi til orientering

Harastølen AS
 c/o styrets formann Egil O. Laastad
 Skjoldhogda 197
 5222 NESTTUN

Sogndal, 7. mars 2002

Vår ref.: 11426/BR/9945.doc

Deres ref.:

Ansv. adv.: Harald Hjermann

SAK: HANS H. URDAHL M. FL. - HARASTØLEN AS

Underteikna tilskriv Dykk på vegne av Hans H. Urdahl, Torgeir Urdahl og Olga Ellingseth som er grunneigarar på Saude i Luster.

Eg er av mine klientar førelagt korrespondanse med Dykk frå vinteren 2001 vedrørende grunneigarane sin vassrett. Harastølen AS vert i denne gjort merksame på at vassstilførsla til bruka på Saude vart stogga seinsommaren i 1999 ved at ein plastslange vart kutta. Vassretten til bruka synest uomtvista.


Det ga i Dykkar brev av 2.03.01 uttrykk for at Harastølen AS ville "gripe fatt i saken og snarest få ryddet opp i skaden som vi synes ansvarlig for," samstundes som De inviterte til eit møte den påfølgjande onsdag. Etter det eg forstår vart ikkje dette møtet gjennomført. Hans H. Urdahl har etter denne tid søkt å nå Dykk utan å lukkast.

Mine klientar ser det som avgjerande viktig at vassstilførsla kjem i orden denne våren.

Eg ber difor om at Harastølen AS prioriterer saka, og tek initiativ til ein dialog med grunneigarane om korleis vassstilførsla best skal sikrast og harmonerast med Harastølen AS sine planar i området. Praktisk sett bør det i denne prosessen gjennomførast ei synfaring etter at snøen er borte.

Mine klientar er og noko uroa over at etableringa av planlagt minikraftanlegg kan få negative konsekvensar for stabilitet og trykk i høve vassstilførsla. Eg ber difor Harastølen AS avklære også dette forhold.

Med venleg helsing


 Bjarte Røyrvik
 adv. flm.

Dir. tlf.: 57 62 72 66
 E-post: bjarte.royrvik@solbraa.com

Advokatane Solbraa – Hjermann – Tollefsen
 advokatkontoret@solbraa.com
 Postadresse: Postboks 83, 6851 Sogndal
 Kontoradr.: Parkveien 5, 6856 Sogndal
 Telefon/telefaks: 57 62 72 60 / 57 62 72 61
 Org.nr.: 971 465 115

Gunnar Solbraa
 gunnar.solbraa@solbraa.com
 Dir. tlf.: 57 62 72 63
 Bankkto.: 8480 05 74365
 Klientkto.: 8480 10 77047
 Org.nr.: 975 972 798

Harald Hjermann (H)
 harald.hjermann@solbraa.com
 Dir. tlf.: 57 62 72 64
 Bankkto.: 8480 05 74381
 Org.nr.: 975 972 747

Jan Tollefsen
 jan.tollefsen@solbraa.com
 Dir. tlf.: 57 62 72 65
 Bankkto.: 8480 05 01600
 Klientkto.: 8480 07 03785
 Org.nr.: 965 202 153



Advokat Roar Gangdal

www.gangdal.no

Medlem av Den Norske Advokattforening
Organisasjonsnummer NO 979 657 492 MVA

(Jacob Kjødes vei 15)
(N-5232 Paradis)
(Norway)

E-mail: adv@gangdal.no
Web: www.gangdal.no

Tel: +47 900 72 073
Fax: +47 940 72 073

Advokat Harald Hjermmann
Att: Advokatfullmektig Bjarte Røyrvik
Postboks 83
6851 Sogndal

L = 2 APR. 2002

Bergen, 26. mars 2002

HARASTØLEN AS - URDAHL M.F.L.: MULIGE VANNRETTIGHETER

Jeg representerer Harastølen AS og er gjort kjent med Deres brev til min klient av 07.03.2002.

Innledningsvis kan jeg bare beklage tidsbruken i saken, noe som særlig skyldes ekstremt arbeidspress.

Forsåvidt gjelder den kuttete plastslangen, så ble denne sammenkoblet igjen høsten 2001.

Forsåvidt gjelder minikraftanleggets vannforbruk viser jeg til det som tidligere er opplyst. Utfra beregningene vil anleggets vannuttak være svært begrenset.

Forsåvidt gjelder vannrettighetene som sådanne, er min klient ikke fullt orientert om rettighetenes eksistens, innhold og omfang. Jeg ber derfor om at det oversendes dokumentasjon og redegjørelse for rettighetenes eksistens og grunnlag, samt rettighetenes innhold og omfang p.t.

For ordens skyld tas forbehold om mulige anførsler vedr. vannrettighetenes eksistens, innhold og omfang, særlig i forhold til eventuell konflikt med eget bruk av vann til kraftanlegg.

Vi får vurdere om det på et senere tidspunkt kan være hensiktsmessig med fellesbefaring og/eller møte for avklaring av event. punkter det er uenighet eller uklarhet omkring.

Jeg hører fra Dem.

Med vennlig hilsen

Roar Gangdal

Roar Gangdal
Advokat

Kopi: Harastølen AS

ADVOKATANE
SOLBRAA – HJERMANN – TOLLEFSEN
KONTORFELLESSKAP
M.N.A.

Hans H. Urdahl
6872 Luster

Sogndal, 4. april 2002

Vår ref.: 11426/AUR/10409.doc

Torgeir Urdahl
Stukestølen 6
6863 Leikanger

Deres ref.:

Olga Ellingseth
6872 Luster

HARASTØLEN AS – RETT TIL VASSUTTAK M.V.

Vedlagt oversender eg til orientering kopi av advokat Gangdal sitt brev til meg av 26.3.02.

Når det gjeld plastslängen som er kutta, vil De sjå at det vert hevda at dette tilhøvet skal ha blitt ordna allereide hausten 2001.

Når det så gjeld vassforbruket viser ein til "det som tidligere er opplyst".

Eg reknar med at det ein her har i tankane er Laastad sitt brev av 2.3.01 der det mellom anna vert vist til at vassuttaket skal skje "via den gamle rørgaten" og at "uttaket av vann fra inntaksdammen på Røsete vil således ikke bli noe større enn det det har vært tidligere".

Vidare vil De sjå at ein no krev dokumentasjon for dei rettane De har til vassuttak.

Desse forholda har De etter mitt syn gjort godt greie for i Dykkar brev til Harastølen av 2.2.01.

Eg reknar såleis med at vi bør ha ein samtale om saka før vi sender svar til advokat Gangdal.

Med helsing


Harald Hjermann

Advokatane Solbraa – Hjermann – Tollefsen
advokatkontoret@solbraa.com
Postadresse: Postboks 83, 6851 Sogndal
Kontoradr.: Parkveien 5, 6856 Sogndal
Telefon/telefaks: 57 62 72 60 / 57 62 72 61
Org.nr.: 971 465 113

Gunnar Solbraa
gunnar.solbraa@solbraa.com
Dir. tlf.: 57 62 72 63
Bankkto.: 8480 05 74365
Klientkto.: 8480 10 77047
Org.nr.: 975 972 798

Harald Hjermann (II)
harald.hjermann@solbraa.com
Dir. tlf.: 57 62 72 64
Bankkto.: 8480 05 74381
Org.nr.: 975 972 747

Jan Tollefsen
jan.tollefsen@solbraa.com
Dir. tlf.: 57 62 72 65
Bankkto.: 8480 05 01600
Klientkto.: 8480 07 03785
Org.nr.: 965 202 153